

# AGATUNET VENELAG

## ÅRSMELDING 2014

Årsmøtet 2014 vart helde i Ådnesstova 7. mars 2013 med 9 medlemmer fram møtte. Det var kunngjort med utsende medlemsblankettar påtrykt innkalling, og med plakatar.

Laget har no 134 medlemmer (126 i 2013) og ein æresmedlem: Harald Aga, som vart utnemnd 2013. Medlemspengar har vore kr 100,- for enkeltmedlemmer.

Det har vore helde 2 styremøte og det har vore handsama 8 saker. I tillegg kjem to arbeidsmøte i forkant av årsmøte og venelagsfesten. Ellers har ein brukt mail og telefon. Dagleg leiar har møtt på styremøta.



*Frå ungdomsutstillinga i Asbjørnsløa*

Styret og ombodsfolk har i meldingsåret vore samansett slik:

**Styret:**

Synneva Haustveit	(innvald 2011	på val)
Sjur K. Jaastad	(innvald 2011	attvald 2013)
Guttorm A. Rogdaberg	(innvald 2012, leiar	attvald 2013, På val som leiar)
Ragnhild Sandvik Lund	(innvald 2014)	

*I tillegg vel kunstnemda eitt styrelem.*

*Dagleg leiar har møte og talerett til styret.*

*(Mishøve mellom årstal og attval skriv seg frå omorganiseringa i 2012)*

**Varafolk:** *Valde for eitt år om gongen*

1. Jan Audun Kråkevik
2. Synneva Sæbø
3. Jørund Olav Grønsnes

### **Valnemd:**

1. Astrid Grønsnes, leiar (attval 2014,) 2. Jan Gunnar Strand, 3. Steinar Nilsen

### **Val av medlem til Stiftelsen Agatunet:**

Guttorm A. Rogdaberg ((leiar, innvald 2013, på val 2015)

Olaug Igland Bleie (innvald 2014)

*Andre styrelemer: Olaug Askeland, Ullensvang herad, Torunn J. Rosnes FMF.*

*Dagleg leiar har møte og talerett til styret.*

### **Revisor:**

Lars O. Bleie (attvald 2014)

### **Aktivitetane**

Venelaget hadde vårdagnad over to dagar der det vart vaska, rydda og gjort ein del utearbeid. Det er ynskjeleg å få auka besøkstalet og aktiviteten ved tunet. Venelaget ynskte difor også i år støtta museet med omvisarar og kafevakter slik at museet skulle sleppa stengja dagar på forsommaren. Medlemene stilte velvillig opp og tilbakemeldingane på arbeidet var svært gode. Kunstgruppa gjorde ein stor innsats med å setja opp ein god og fin kunstutstilling med Ørnulf Opdahl, Bob Speith og Elisa Helland Hansen. Dei sett og opp ei svært aktuell og spennande ungdomsutstilling i Asbjønsløa der ungdomsskuleelevar i Hardanger fekk oppdraget med å la seg inspirera av kunst 1814-2014. På denne måten kunne ein og vera med å samla dei unge i regionen i eit felles grunnlovsprosjekt. Mykje kreativitet kom til syne i denne utstillinga, som vart svært godt omtykt, og som fekk gode tilbakemeldingar. Venelaget sette og opp utstillinga «Hardanger og Grunnlova» der det vart fokusert på Hardanger sin Eidsvollsmann, Arnoldus von Westen Sylow Koren, men der ein og drog fram nokre av konsekvensene Grunnlova har hatt for Hardanger. Det vart laga plakatar til utstillingane men det var ellers lite marknadsføring. Men besøkstalet til tunet auka og kom opp i omlag 5000.



*Arkivarbeidet fangar interesse. Her med besøk frå Rogaland.*

Arkivarbeidet går framover men det dukkar stadig fram meir dokument og brev. Ein byrjar å få oversikt over det svært rike og mangfaldige materialet, men det står enno att mykje grovsortering. Noko lite av materialet er alt digitalisert, men her ligg ein stor innsats og ventar oss. I haust kom det historikarar frå Rogaland som var interesserte i arkivet med tanke på publisera litt av stoffet gjennom ein artikkel. Arkivarbeidet er i hovudsak ført av Birgit Jaastad. Den store boksamlinga er delvis registrert av Nationalbiblioteket, noko som førde til delartikkel i boka om norske privatboksamlingar. «Agarkivet» er i privat eige, men i fylgje statuttar skal det ved overlating skje til næraste museum, som i dette tilfelle er Agatunet. Agatunet har i dag ikkje trygge og gode oppbevaringsmogelegheiter. Dette er ei sak som må løysast i dialog mellom eigar og Agatunet. Venelaget har fått avfotografert fleire av jaktebileta på Aga. Desse er no innråma for opphenging. To eldre bilete som vart brukt i Grunnlovsutstillinga av Eidsvollsforsamlinga og Kongefamilien 1905 er restaurerte for laget sine midlar.

I august arrangerte laget venelagsfest i Asbjønsløa. Birgitte Grimstad framførde same dagen programmet «Lune glimt fra 400 hundreårignatten» og etterpå spelte «Polka med støyt» opp til dans. Det vart selt mat og drikke. Tilbakemeldingane var gode.

Det var planlagt ein museumsdagstur saman med «Skrivarens vener» (Hesthamar) på haustparten. Det viste seg å vera vanskeleg å gjennomføra den. Ein prøver å få det til i mai 2015.

Venelaget sytte og for annonse og omtale i Hardangermagasinet. Medlemene har stilt velvillig opp ved ymse arrangement som ved filming, ved bryllaup og ved andre tilstellingar i tunet. Vikebygd og Aga bygdekvinnelag har baka krotakaker i bakstekjellaren kvar fredag i hovudsesongen. I fylgje lister er det nedlagt omlag 1200 timar i frivillig arbeid i arbeidsåret. Dei store postane på den frivillige sida er arbeidet med utstillingar, omvising/kafearbeid og arkivarbeidet.

Skal tunet haldast i forsvarleg stand er trongen for frivillig arbeid stort.

Styret nyttar høvet til å takka alle som på ulik vis har gjort ein frivillig innsats for Agatunet.



*Frå utstillinga Grunnlova og Hardanger i Fruekammeret*